

Arbeidsprogram 2022

Våre mål og prioriterte saker

Hovudmål:

1. Få politikarar til å forplikta seg til, og realisera, konkrete tiltak for natur, klima og miljø.
2. Styrka fylkeslaget gjennom verving, rekruttering av frivillige og stifting av nye lokallag.

For å få gjennomslag for viktige natur-, klima- og miljøraker, vil Naturvernforbundet Hordaland (NVH) jobba etter følgande hovudstrategiar:

- Delta og setta dagsorden i offentleg debatt, samt driva informasjonsarbeid.
- Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.
- Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.

1. Ein levande, livskraftig natur, eit energieffektivt, fossilfritt samfunn

Naturvernforbundet Hordaland vil ta vare på den unike Vestlandsnaturen med sitt rike mangfald, og gå i front for at fylket og kommunane i vår del av Vestland tek ansvar for vern av natur og utfasing av fossil energi.

Særskilt vil me jobba for energisparing og -effektivisering, betre gang- og sykkelveggar, kollektivtransport og nye nasjonalparker og verneområde. Me vil prioritera å verna naturen mot nye motorveggar, hyttebyar, øydeleggande kraftverk, forsøpling og forureining frå fiskeoppdrett, villfyllingar og massedumping.



Nokre av sakene me særskilt vil prioritera i 2022:

- Velta det politiske fleirtalet for Hordfast, det største naturinngrepet i Hordaland i moderne tid
- Jobba for å stoppa andre, naturøydeleggende vegprosjekt
- Verna Hardangerfjorden og andre sårbare område i fylket mot miljøskadeleg oppdrett, til dømes gjennom å søka samarbeid med andre fylkeslag som jobbar med dette. Me vil også følga opp forslaget om å etablera vernesone ytst i Hardangerfjorden.
- Følga opp måla i visjonane våre om «Gode, grønne Bergen 2030», særskilt gjennom å følga opp Bergen kommune sine strategiar og planar
- Verna Askøy mot Kildn-cruisehamna, samt fortsetta arbeidet mot miljøskadeleg cruisetrafikk
- Jobba for at det vert slutt på systematisk dumping av forureina massar og villfyllingar, særskilt i samband med skogsbilveggar
- Støtta opp om og arbeida for at forslaga om nasjonalparkar i Kvammafjella og Fjonnfjella vert realisert
- Jobba for Bjørnafjorden nasjonalpark
- Verna LNF-område (landbuk, natur og friluftsliv) som Øksnesmarka mot utbygging
- Stå opp for dei verna vassdraga og jobba for at fleire vassdrag vert varig verna
- Jobba for utbetring av Bergensbanen
- Verna fjellheimen mot nye utbyggingar, inkludert hyttefelt
- Jobba for at «arealpositivitet» vert vedteke som styringsmål i kommunar i fylket vårt og for at fylkeskommunen og Vestlandskommunar utarbeidar strategiar og kommunedelplanar for naturmangfald og klima
- Delta i ordsiftet om bybane til Åsane
- Motarbeida grønvasking og hindra at det grønne skiftet vert grått



- Jobba mot elektrifisering av sokkelen med kraft frå land, og synleggjera kva me meiner den fornyelege krafta skal prioriterast til
- Setta oss inn i og spreia kunnskap om FN sine siste klima- og naturrapportar

Me vil jobba for å nå måla gjennom:

- Synlegheit i media
- Møter og dialog med politikarar, forvalting, kommunar og andre sentrale aktørar
- Innspel til partiprogramma før kommune- og fylkestingsvalet i 2023
- Minst 6 opne debattmøter og sosiale samankomstar som t.d. Naturlig Onsdag
- Synfaringar og turar
- Folkeleg mobilisering
- Bygga breie alliansar
- Kampanjar og informasjonsarbeid
- Fremja dei konstruktive alternativa våre til det me går imot
- Prosjekta våre:



energismart



Naturlig Onsdag (som me startar opp att i 2022)

2. Eit synleg og slagkraftig Naturvernforbund i Hordaland

Innan årsmøtet i 2023 skal me ha blitt fleire lokallag, fått fleire medlemmar, fleire aktive frivillige og fleire frie inntekter. Me skal verta endå synlegare i media og uttala oss om viktige saker.

Me ynskjer å styrka vår administrative kapasitet for å i endå større grad kunna jobba med viktige saker og støtta opp om innsatsen til tillitsvalde og frivillige i fylkeslaget, lokallaga og faggruppene. Me ynskjer å bygga organisasjonen, få fleire medlemmar og frivillige.

Hovudmål: Minst 2 årsverk av arbeidskapasiteten på kontoret skal gå til dette arbeidet.

I 2022 vil me særskilt prioritera innsats for å:

- Støtta lokallaga og frivilligruppene når dei treng
- Starta frivilligruppe med fokus på forbruk og sirkulær økonomi
- Stifta fleire lokallag
- Inkludera lokallaga våre i prosjektaktivitetar
- Utvikla eit årleg opplegg for å engasjera og følgja opp nye frivillige, med særskilt fokus på å få med yngre, studentar og «pensjonerte» NU-arar
- Gjennomføra samling for tillitsvalde, frivillige og tilsette i april
- Utvikla ein strategi for medlemsverving, mediarbeid og kommunikasjon/kampanjar
- Jobba for auka frie midlar til natur- og miljøvernarbeidet vårt
- Skriva fråsegner og uttala oss om viktige saker, både egne NVH-uttalar og gjennom Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland
- Gjennomføra møter, turar og synfaringar for å inspirera nye og gamle naturvener